

Høyringsuttale: *Språk- og leseplan for barnehagar og skuler i Meland*


Meland kommune har send *Språk- og leseplan for barnehagar og skuler i Meland* ut på høyring.

Framlegg til Språk og leseplan for Meland er eit viktig dokument som tek sikte på å utvikle lesedugleik og leseglede hjå barna i kommunen.

Meland bibliotek registrer at bruk av bibliotek er innarbeidd som tiltak på alle årstrinn, og det er gledeleg at skulen har fokus på dette i framlegg til plan. Både barnehage, skule og bibliotek har eit felles mål i å fremje leseglede og interesse for litteratur. Skule og folkebibliotek i Meland har tradisjonelt samarbeidd godt. Biblioteket registrerer innkomne bøker til skulebiblioteka for alle skulane, biblioteket tek imot klassebesøk og lånar ut bokkasser til ulike klassetrinn.

Ein føresetnad for lesestimulering er at barn vert eksponerte for litteratur, og i framlegg til rullering av bibliotekplan i kommunen ligg det no inne tiltak som tek sikte på å formalisere bibliotekstilbodet til barn og sikre at ulike trinn får tilbod om ulike lesestimulerande tiltak. Biblioteket ser fram til eit nært samarbeid med skulen om dette arbeidet. Her er Bibliotekforum (fellessamlingar mellom ansvarlege for skulebiblioteka og folkebiblioteket) ein nyttig reiskap for samhandling og kommunikasjon.

Frekhaug, 30. november 2016


Marit Gro Berge
biblioteksjef